


Barne- og likestillingsdepartementet
Postboks 8036
Dep
0030 Oslo

ARTIKKELNOMMER	
ARTIKKELPRIS	321.00
DATO	13/4-07
POSTNR	2014/01773
POSTKOD	122




Oslo, 11.september 2007

Høring – forslag om endring av ekteskapsloven mv. – Felles ekteskapslov for likekjønnede og ulikekjønnede par.

Vedlagt følger Normisjons hørings svar i forbindelse med ovennevnte høring.
Hørings svar er også oversendt per e-post til oppgitt adresse; hilde.hoel@bld.dep.no.

For Normisjon



Rolf Kjøde
Generalsekretær

Vedlegg: Normisjons hørings svar til Høring om endring av ekteskapsloven.

Til Barne- familie- og likestillingsdepartementet
Frå Normisjon

Oslo, 7.september 2007

Høring vedrørende ny ekteskapslov

Vi vil takke for høvet til å vere høringsinstans i samband med arbeidet med ny ekteskapslov. Normisjon er ein frivillig organisasjon med primær referanse til Den norske kyrkja og har mellom 90.- og 100.000 medlemmer fordelt på meir enn 2000 lokale foreiningar og forsamlingar når barne- og ungdomsorganisasjonen ACTA blir rekna med. I tillegg eig vi aleine eller saman med andre 28 skolar og 50 barnehagar og er landets største folkehøgskoleeigar med 15 slike. Vi driv arbeid og samarbeid med kyrkjer og organisasjonar i 10 land utanom Norge og Europa.

1) Tidsrammer

Vi reagerer på den korte høringsfristen. Det sender dårlege signal når regjeringa ved departementet legg seg i ytterkanten av eigne instruksar om høringsfristar, særleg med tanke på at dette i hovudsak er lagt til sommarferien. Slik sender ein signal om hastverk og manglande vilje til å lytte.

Ved forrige større endring av ekteskapslovgivinga i Norge gjekk det 16 år frå regjeringa i 1971 nedsette eit offentleg utvalg til det samme utvalget la fram si endelege innstilling i 1987. Slik demonstrerte ein at vi ikkje endrar forståinga av dei grunnleggande institusjonane i samfunnet med fingerknips. Vi registrerer at den sittande regjeringa tenker annleis. Tidens mest radikale omdefinering av kva ekteskap er og kva det skal tene til, skal skuffast gjennom på rekordtid. Dette beklagar vi, og vi håper at departementet viser vilje til å forstå at rekkevidda i det som blir lagt fram, er av ein slik art at ein må ta meir tid til hjelp.

2) Høringa si forståing av ekteskap og foreldreskap

a) Forståinga av ekteskap

Departementets drøfting av dei samfunnsmessige konsekvensane av å oppheve ekteskapet slik det har fungert universelt gjennom historia som samfunnets grunncelle, er pinleg tynn. Departementet ser ut til å ha henta inn rådgivarar som i stor grad har stadfesta statsrådens eigen posisjon. Dette blir tydeleg i dr.phil. Tove Pettersens framstilling der ho hentar opp gårsdagens marxistiske (Engels) og feministiske (Beauvoir) heltar som sanningsvitne. Dette blir både einseitig og tynt, særleg med tanke på at dette er innstillinga sin ideologiske basis for eit svært radikalt skifte i forståing av ekteskapet som grunnleggande samfunnsinstitusjon. Dei biologiske dimensjonane knytt til kjønnpolariteten er nesten fråverande i refleksjonen, bortsett frå påpeiking av at reproduksjon no også kan sikrast gjennom adopsjon og donasjon. Dermed treng vi etter filosofens meining ikkje lengre grunnngi behovet for ekteskapet med kva som er vilkåra for normal reproduksjon. Ei slik flytting av fokus frå grunnleggande menneskeleg biologi til laboratoriets muligheter mekaniserer tenkinga rundt forplanting og er med å gjere barn til eit produkt og ei vare som vaksne menneske har rett til. Perspektivet er også djupt usolidarisk, fordi referanseramma berre er verda sine aller rikaste samfunn. Kunne

departementet argumentere som dei gjer dersom dei hadde hatt verda sine fattige samfunn for tanken?

Samfunnet skal særstille det som biologien og historia eintydig konstituerer. At det gjerast grunnleggande språklege endringar ("likekjønnede" og "ulikekjønnede" ekteskap, samt "medmor" og "medfar") som ikkje vil vere kompatible i ein verdsvid samanheng, burde i seg sjølv vere ei varsellampe. Derfor bør omgrepet ekteskap beskyttast som eit ord som karakteriserer eit offentleg stadfesta samliv mellom mann og kvinne, og ekteskapslova bør gjelde dette aleine. Dette er i samsvar med Den europeiske menneskerettskonvensjonen, slik departementets høringsnotat sjølv påpeiker. Dette er ei nødvendig og ikkjediskriminerande forskjellsbehandling.

b) Forståinga av foreldreskap

I spørsmålet om barns naturlege rett til å vokse opp med far og mor, må tekstforfattaren jurist Katharina Gjeruldsen, ty til ei norsk masteroppgåve skriven av ein homofil frontfigur som primærkjelde. Gjeruldsen gjer i forarbeida greie for at ho *"ser det som viktig å presisere at jeg ikke har arbeidet med homofilis spørsmål tidligere."* I tillegg seier ho at *"tiden har vært en stor utfordring. Det er tidkrevende å foreta litteratursøk, og man bruker også mye tid på å vente på bøker og artikler. Dessuten er det mye materiale å få oversikt over og 'fordøye' på kort tid. Når utredningen leveres den 15. desember har jeg hatt to mnd. på arbeidet."*

Ei utgreiing på ein slik basis er useriøst av ansvarlig statsråd. Mykje tilgjengeleg forskingsmateriale som ville virke korrigerande, er utelate. Store spørsmål som barns naturlege utvikling av kjønnsidentitet i oppvekst med foreldre av begge kjønn, er knapt nemnt. Heile det utviklingspsykologiske elementet er fråverande. I staden gjer departementet sine obligatoriske retoriske øvingar med å seie at homofile er like omsorgsfulle som heterofile. Men kven er uenig i det? Spørsmålet handlar ikkje om kva for enkeltindivid som er personleg eigna men om kva samfunnet skal legge til rette for som optimalt for barns oppvekst: Nærleik til mor og far. Einkjønna par har nettopp denne fundamentale veikskapen: Mangelen på kjønnsplaritet.

Det er uholdbart at grunnlagsdokumentet for tidenes største endring av ekteskap og foreldreskap totalt neglisjerer utviklingspsykologien. Barn treng far og mor. At mange vaksne sviktar dette, eller at død for nokre set eit smerteleg skilje, betyr ikkje at barns naturlege og skapte behov for å relatere dagleg aktivt til mor og far som kompletterande ved å vere av ulike kjønn, forsvinn. Derfor bør både adopsjon og kunstig befruktning berre gjelde for ekteskapet av mann og kvinne. Politisk er det viktig å få kjønnsbalanse i styrer og råd. Det støttar vi. Det blir arbeidd hardt for å få menn inn i oppsedings- og omsorgsyrke. Det ser vi som svært viktig. Men på den mest avgjerande arenaen for barns danning vil ein frå politisk hald gå motsett veg. Slik gir ein opp å tenke barnets beste for å sikre noko som ein definerer som vaksne sine rettar. Ei slik haldning er det grunn til å åtvare sterkt imot.

3) Manglande konsekvensanalyse

Høringsnotatet har ein stor veikskap i at det ikkje drøftar konsekvensar av endra lovgiving på andre samfunnsområde. Særleg tenker vi på korleis ein tenker seg at dette skal nedfellast i læreplanar for skoleverket. Den nye tenkinga om at barn ikkje berre har mor og far men dertil mor og medmor eller far og medfar er vel tenkt å få nedslag i læreplanar og undervisningsmateriell. Skal det vere høve til å reservere seg frå å bruke dette? Det svarar

ikkje notatet på. Ein gjennomgang av dette ville ha vist nokre av dei store kulturelle konsekvensane av dei endringane regjeringa med dette legg opp til. Norge har tradisjonelt gitt trangare rammer for å drive friskolar enn demokratiske land det er naturleg å samanlikne seg med. Skal slike skolar ha høve til framleis å undervise det som til no har vore den universelle forståinga av tinga sin samanheng gjennom ei lang historie?

Regjeringa vil sikre trussamfunns rett til å reservere seg. Dette skal også gjelde for Den norske kyrkja, sjølv om ei setning i høringsnotatet minnar om at Kyrkjemøtet berre har ei delegert fullmakt til å fastsette liturgiar i kyrkja. Det gir grunn til uro at departementet ikkje grunngir Den norske kyrkja sine rettar på dette området ut frå prinsippet om fridom for trussamfunn.

4) Konklusjonar


Vi ser ikkje at dette tynne høringsnotatet gir grunnlag for nokon av dei endringane som regjeringa ser ut til å foreslå. Det er eit banalt faktum at det må samliv mellom mann og kvinne til for å skape barn og framtid. Og det trengs eit trygt forhold mellom mor og far for å skape trygge barn og trygg framtid. Dette er rissa inn i sjølve naturen og stadfesta av mykje forskning. Vi trur dette er gudgitt frå skapinga, men argumentasjonen er likevel allmenn. Skulle samfunnet åpne for at homoseksuelle får adoptere eller jamvel gå prøverørets veg, er dei avhengige av det motsette kjønnet. Uavhengig av seksuell orientering eller preferanse, er vi produkt av heteroseksuelle forhold. I det liberale demokratiet må folk få leve saman som dei vil, etter at vi har sett nokre grenser som vernar dei svake mot makt og overgrep. Men skal samfunnet dermed seie at alt er like bra og bør regulerast på samme måte? Skal lovgivinga berre spegle dei valga som folk gjer, om dei er forpliktande eller flyktige, mellom like eller ulike kjønn, i trekant eller firkant?

Her er våre svar tydelege:

- Samfunnet skal særstille det biologien og historia konstituerer. Omgrepet ekteskap må derfor beskyttast som eit ord som karakteriserer eit offentleg stadfesta samliv mellom mann og kvinne. Ekteskapslova bør framleis gjelde dette aleine. Vi avviser derfor departementets forslag om endringar.
- Barn er frukt av relasjonen mellom mor og far. Det er viktig at samfunnet lagar ordningar og lover som set vern om dette og i best mulig grad oppfyller barns rett til dagleg omsorg frå mor og far. Vi vil derfor avvise forslaga til endringar i adopsjonslovgivinga og lovgivinga knytt til assistert befruktning. Det gir grunn til uro at departementet ikkje fører prinsipiell argumentasjon mot homofile menns rett til å nytte surrogatmødre.

Oslo 7.september 2007

For Normisjons Landsstyre



Rolf Kjøde
Generalsekretær